

Samordna opptak 2013: Engelsk og framandspråk stabilt på lågt nivå

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa – Notat 4/2013¹

Samordna opptak (SO, www.samordnaopptak.no) har publisert søkjartal for studieåret 2013-14. Tala syner også i år at det er få studentar som har engelsk og framandspråk som førsteval: berre 3,3% av dei ca. 117 000 søkjarane har kryssa av for engelsk, dei store skolespråka fransk, spansk og tysk eller eit anna framandspråk. Dette talet låg på 3,4% i 2012 og 3,5% i 2011.

I dette notatet ser vi nærmare på søkjartala for engelsk og framandspråk. Merk at me berre har teke med dei studium som studentar kan søkje på gjennom Samordna opptak, me har ikkje oversikt over talet på studentar som vel enkeltemne, MA-studium osv. innan engelsk eller framandspråk gjennom lokalt opptak på den enkelte institusjon.

Engelsk er eit etter måten populært fag, og dei fleste høgskulane og universiteta tilbyr engelsk som sjølvstendig studium eller som del av lærar-/lektorutdanninga. Om lag 1750 studentar har engelsk som førsteval, og det er om lag like mykje som i fjor. Søkjarane er ulikt fordelt over studiestadane: Høgskulen i Finnmark har meir enn tre gonger så mange plassar som søkjarar, medan Universitetet i Oslo har meir ein tre gonger så mange søkjarar som plassar. Høgskulen i Vestfold har enda fleire søkjarar, her er det heile fem studentar per plass. Sjå også tabell 1 på side 2.

Fransk, spansk og tysk er dei tre dominerande språka i skulen; heile 99% av elevane i ungdomsskulen og i vidaregåande opplæring som har framandspråk, lærer eitt av disse tre språka. Og dei fleste lar det vera med det: Det er berre om lag 1100 søkjarar som har kryssa av for fransk, spansk eller tysk. Også dette talet, som òg omfattar UiB si lektorutdanning i engelsk, fransk og tysk og UiO si lektorutdanning i framandspråk, ligg omtrent på same nivå som i fjor. Det er nokre færre som ønskjer å studere fransk eller spansk (hhv. 315 og 420) og nokre fleire søkjarar på tysk (224), men endringane er små. Talet på søkjarar per plass er lågt mange stader, og det er først og fremst årseiningane i Bergen, Oslo og Østfold som trekkjer folk. Sjå også tabell 2 på side 3.

Andre framandspråk enn fransk, spansk og tysk er lite underviste språk i skulen, men populære som førsteval blant studentane: i overkant av 1000 studentar ønskjer å læra fjerne og relativt krevjande

¹ Takk til Elin Nesje Vestli og Renate Evjenth for innspel.

språk som teiknspråk (241 søkjarar), japansk (194), arabisk (147) og kinesisk (144). Talet på plassar på desse språkstudia er avgrensa, og det er som regel to eller fleire søkjarar for kvar plass. Antikkens språk (latin, gresk og relaterte emne) har i år om lag 80 søkjarar til 60 plassar. Sjå tabell 3.

Sjølv om me ikkje har full oversikt over talet på søkjarar til språkfaga på den enkelte lærestad – tala for lokalt opptak manglar her –, vurderer me situasjonen slik at det er for få søkjarar særleg til fransk og tysk til å fange opp det kommande behovet for kvalifiserte lærarar og lektorar i desse skulefaga.

Halden, mai 2013

Gerard Doetjes

Tabell 1. Engelsk.

Studiestad	Studium	Plassar	Søkjarar, 1. val
		1013	1739
HiB	Grunnskolelærer 1.-7. trinn med engelsk	36	68
HiF	Engelsk	30	9
HiHm	Lektorutdanning i engelsk, Hamar	15	12
HiHm	Engelsk, Hamar	20	40
HiNe	Engelsk	10	14
HiNT	Engelsk, Levanger	10	34
HiOA	Grunnskole 5.-10. trinn med engelsk	53	104
HiSF	Engelsk	25	31
HiT	Engelsk, Bø	28	25
HiVe	Engelsk, årsstudium	10	51
HiVe	Språkfag, Engelsk	20	11
HiVo	Engelsk	50	45
HiVo	Engelsk, deltid	20	9
HiØ	Engelsk, Halden	30	55
HSH	Engelsk, Stord	25	19
NTNU	Lektorutdanning språkfag/engelsk	45	105
NTNU	Engelsk	50	53
NTNU	Engelsk, årsstudium	40	143
NTNU	Europastudier med fremmedspråk, engelsk	28	29
UiA	Engelsk	40	46
UiA	Engelsk, årsstudium	65	85
UiA	Översetting og interkulturell kom., engelsk	25	32
UiB	Engelsk	65	109
UiB	Engelsk, årsstudium, start vår	20	44
UiN	Engelsk	20	28
UiO	Engelsk	70	136

UiO	Engelsk, årsstudium	25	225
UiS	Engelsk språk og litteratur	30	35
UiS	Engelsk, årsstudium	48	100
UiT	Engelsk	60	42

Tabell 2. Fransk, tysk og spansk.

Studiestad	Studium	Plassar	Søkjarar, 1. val
		686	1131
HiØ	Fransk, Halden	35	72
NTNU	Lektorutdanning språkfag/fransk	7	3
NTNU	Europastudier med fremmedspråk, fransk	15	19
NTNU	Fransk	10	11
NTNU	Fransk, årsstudium	20	32
UiA	Fransk	10	18
UiB	Fransk	15	17
UiB	Fransk, årsstudium, start vår	5	15
UiO	Fransk	40	44
UiO	Fransk, årsstudium	25	84
HiT	Spansk, Bø	18	16
HiØ	Spansk, Halden	35	79
NTNU	Europastudier med fremmedspråk, spansk	10	18
NTNU	Spansk, årsstudium	45	61
UiA	Spansk	20	21
UiB	Spansk språk og latinamerikastudier	40	47
UiB	Spansk språk og latinamerikastudier, start vår	20	26
UiO	Spansk	38	53
UiO	Spansk, årsstudium	30	99
HiØ	Tysk, Halden	35	66
NTNU	Lektorutdanning språkfag/tysk	5	3
NTNU	Europastudier med fremmedspråk, tysk	7	7
NTNU	Tysk	5	5
NTNU	Tysk, årsstudium	15	27
UiA	Tysk	15	18
UiB	Tysk	12	12
UiB	Tysk, årsstudium, start vår	6	7
UiO	Tysk	30	26
UiO	Tysk, årsstudium	25	53
UiB	Lektorutdanning i engelsk, fransk eller tysk	28	66
UiO	Lektorprogrammet, fremmedspråk	65	106

Tabell 3. Andre framandspråk.

Studiestad	Studium	Plassar	Søkjarar, 1. val
		615	1012
NTNU	Antikkens kultur	10	16
NTNU	Klassiske fag	5	2
NTNU	Latin	10	12
UiB	Gresk	5	1
UiB	Latin	5	5
UiO	Antikk kultur og klassiske språk	25	45
UiB	Arabisk	10	24
UiO	Midtøsten-studier med arabisk	50	123
UiB	Italiensk	10	17
UiO	Italiensk	30	31
UiB	Japansk	25	65
UiO	Japansk med Japan-studier	60	129
UiB	Kinesisk	20	59
UiO	Kinesisk med Kina-studier	60	85
UiO	Portugisisk	15	21
UiB	Russisk	20	24
UiO	Russisk	55	60
UiO	India-studier med sanskrit	5	11
SA/SH	Samisk barnehagelærerutdanning	12	8
SA/SH	Samisk grunnskolelærerutdanning 1.-7. trinn	12	6
SA/SH	Samisk språk og litteratur	20	7
HiB	Tegnspråk og tolking	24	34
HiOA	Tegnspråk	27	69
HiOA	Tegnspråk og tolking	30	54
HiST	Tegnspråk	20	57
HiST	Tegnspråk og tolking	25	27
UiO	Midtøsten-studier med tyrkisk	25	20